Telem.
Bø.

# Tillegg frå Olav Nordbø

Til ei tidlegare spørjeliste om ~~jøls~~skikkar og klesmoter sender eg dette tillegget:

Tore Grini var frå Gutukjå i Heddal. Ho kom til Bø som jordmor. Ho var lettliva og kry og god til å danse. Ho hadde ein sers sleng med oksla og armen når ho dansa. Og denne slengen blei populær. Dei tok etter han både dei unge og dei andre, kanskje serleg kvinnene, dei kopiera armføringa og okslidraget og slengen nøyaktig.

Det blei nyaste mote og slo fort ei gjenom i julegilder og gjestebod, haust og danse-lag.

Tore blei gift til Grini i Bø —

Men om dette var ein sermerkt danseslengfrå Heddal ho førte med seg, eller det var ein personleg sleng og eit individuelt danse-lag ho hadde lagt seg til, det veit eg ikkje.

Men på den måten kunne skikkar slå rot og breie seg. Dette var i 1870–1880-åra.

6693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Frå Olav Nordbø, Bø, Telemark.

## Tillegg til nr 36.

Folk fekk vanleg nye klær til jul, iallfall noko nytt.

Og dei møtte mannjamnt fram til kyrkja juldagen. Kvinnone stod i „skrudet" og synde seg fram, „syne seg og sjå andre", som Gunnar Heldal sa. Det var „utstilling" av bunader siste nytt, kvinnone serleg brukte og brigda seg.

Dei som blåheldt på det som hadde vore blei sett på som „attergløymur", som ikkje fylgde med i det nye og fine som voks fram. Det var ikkje noko godt merke at dei ikkje hadde syn og sans for „utviklinga".

Brigda kunne vera årsmå; men dei gådde det: det kunne vera plagget sidda (sidleiken) på stakken, korleis dei knytte plagg t.d. silkeplagg, det kunne vera noko med saumen.

Gjentune som „låg etter" brydde dei seg ikkje om å danse med i jula eller å „slå etter" (o: flørte med). Dei var likeglade med koss dei kladde seg, og det var ikkje noko godt merke, men ein ~~kor~~ sjøl karakteristikk. — Dei skulle „fylgje 6693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med, bera sylgjine på nyaste måte
ha hårbandet på siste gjerd,
já det kunne gildt gongelag og
slingen i dansen. Dei tok
~~noge~~ nøye merke til alt. Dei
-Som pyfgde med ° hadde flakj- °
x ~~mi~~ i beila ° -Dei la jamne ° merke
til saman på reddela.
Det var og nøge med karane
nattegjerda, måten å bera han på
koss dei bar halskluten og knytte
den, skoa o.s.b. og hårsveisen.
Dei hadde moro av ein
gut i Bø som alltid låg
etter, låg i bakslingen, ja
nytta motane frå året før.
Han låg eit år etter i klæs-
mote o.s. Og han vilde vera
tå på moten. Så hadde
dei han til beste, til moro.
Han hadde ikkje lag med
gjentune, og blei ~~a~~ ein kall.
Her var fleir slike.
Forandringane var små
frå år til år, men noko var
der, og det blei lagt merke
til. Nag, gjerd, motar var i
søkelyset. Og, atterglóy mune
gleid inn i parsona.

6693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING